

## Jernbanen taper mot bilvegane

■ Jernbanen vert utkonkurrert av personbilen. Og det kjem til å verta verre. I siste nummeret av bladet For jernbane kan ein lesa ein interessant artikkel om korleis nye bilvegar vert prioriterte framfor ny og betre jernbane.

■ Nokre døme frå bladet: Oslo–Kongsberg: Ny veg har gjort reisetida dobbelt så lang om du tek toget i staden for bilen – sjølv om toget ikkje stoggar mellom dei to byane. Oslo–Kristiansand: I dag går det mykje raskare med bil, medrekna kø langs vegen. Sjølv sagt er det vedteke ny firefelts motorveg på heile strekninga.

■ Oslo–Kongsvinger får ny firefelts motorveg. Jernbanen på same strekninga får berre vedlikehaldspengar. Kristiansand–Stavanger: Fleire nye bilbruer og tunnelar har gjort reisetida kortare for bilen. Reisetida for toget er den same som før. I Trøndelag kjem det ny E6. Jernbanen opplever langt mindre satsingar. Bergen–Oslo får hardangerbru og stadige utbetringar av vegen. Toget mellom Oslo og Bergen går derimot seinare enn i 1980-åra. Vedtaket om Ringerikstunnelen har vore systematisk oversett.

■ Samferdsledepartementet vil sjølv sagt visa til nybygging og oppgradering av strekningar. På nettsida til departementet finn du ei heil liste over pågåande og planlagde prosjekt. Men det er noko tafatt over det heile. Merkeleg, eigenleg, for ei satsing på jernbanen ville vore ei god vinnarsak for kvar ei regjering. Eit problem for jernbanepanlegginga i dag er likevel for store visjonar frå visse miljø – som høgfaringsbanar mellom Trondheim–Oslo, Stavanger–Oslo og Bergen–Oslo. Reisetida er viktig, men truleg kan reisetida gå nok ned utan ei slik utbygging.

■ Samferdsledepartementet har no sett ned ei gruppe som i november skal koma opp med framlegg til korleis utfordringane til jernbanen kan løysast. Der bør finansiering vera eit viktig tema. Éin av grunnane til den massive vegutbygginga er bruk av bomfinansiering. Ein bør såleis innsjå at jernbanen ikkje vil kunna få til naudsynt utbygging dersom all finansiering skal skje gjennom statsbudsjettet.

SVEIN GJERDÅKER

Når Forsvar  
gjer dei nøy  
politikarane

# Abd

JAN IN  
SØR

Kommen

**V**G har starta dekkja storvarets oversvaret i Afghanistan. Det er minst 48 er a medan Forsvaret og generelt upåli

Ingen bør und militær organisa dei harde realite døde og såra. U dømes eit streng døde amerikans filmast eller fot handlar naturleg for dei døde. M også om at hære fred, utan at pub direkte innsyn i Når det skjer dø militære organ fram flagg og kv musikk og unifor mogleg av reali kan skade rekrut

### UNEMNELEGE

Det er difor no Siv Jensens kra forsvarsminister Som høgteorier Jensen absolutt Afghanistan. M ringa er heilt av litetane ikkje kj går så dårleg i d onane, sett frå k si side, er det f realitetane kje

